

# Vasskvalitet, botndyr og ungfisk i Bøfjordelva i 1995. Hyllestad kommune i Sogn og Fjordane



Harald Sægrov  
og  
Geir Helge Johnsen

Rådgivende Biologer AS  
INSTITUTT FOR MILJØFORSKNING

Rapport nr. 215, februar 1996.



# Rådgivende Biologer AS

---

## INSTITUTT FOR MILJØFORSKNING

**RAPPORTENS TITTEL:**

Vasskvalitet, botndyr og ungfisk i Bøfjordelva i 1995,  
Hyllestad kommune i Sogn og Fjordane.

**FORFATTARE:**

Cand.real. Harald Sægrov & Dr.philos. Geir Helge Johnsen

**OPPDAGSGJEVAR:**

Fylkesmannens miljøvernavdeling, ved Merete Farstad, 5840 Hermansverk

**OPPDAGET GITT:**

September 1995

**ARBEIDET UTFØRT:**

1995 - 1996

**RAPPORT DATO:**

7.februar 1996

**RAPPORT NR:**

215

**ANTALL SIDER:**

14

**ISBN**

ISBN 82-7658-068-8

**RAPPORT SAMMENDRAG:**

Hausten 1995 vart det utført undersøkingar av ungfisk og botndyr i Bøfjordelva. Det vart ved el.fiske fanga både laks og aureungar i nedre del av elva. Både laks og aureungane viste rask vekst og det vart ikke påvist forsuringsskade på gjeller frå fiskane. Analyse av otolittane frå laks tilseier at dei hadde halde seg i elva i minst eitt år, men kan vere rømde eller utsette som plommesekkyngel i 1994. Høvet mellom laks og aure på 1:4 var identisk med det som vart registrert ved undersøkingar i 1984. Førekomst av døgnflugearten *Baetis rodhani* i botndyrprøvene gjev forsuringssindeks 1, altså ikkje forsura. Resultata frå undersøkingane av de biologiske tilhøva konkluderer med at vassdraget i dag ikkje er særleg prega av forsuring. Dette kan skuldast at det sidan vinteren 1993 har vore gjennomført eit relativt omfattande kalkingsprogram for å betre vasskvaliteten for fiskoppdrettet i Espelandsvatnet. Vasskvaliteten herifrå dominar vassdraget når Nedre Svultingen kraftverk går.

**EMNEORD:****SUBJECT ITEMS:**

- Anadrom laksefisk
- Vasskvalitet og botndyr
- Hyllestad kommune

RÅDGIVENDE BIOLOGER AS  
Bredsgården, Bryggen, N-5003 Bergen  
Foretaksnr 843667082  
Telefon: 55 31 02 78 Telefax: 55 31 62 75



## FØRFORD

Rådgivende Biologer as. har på oppdrag frå Fylkesmannens miljøvernnavdeling i Sogn og Fjordane, utført granskningar av fire anadrome fiskebestander i Sogn og Fjordane. Det gjeld Bøfjordelva i Hyllestad kommune, Loneelva i Fjaler kommune, Nausta i Naustdal kommune og Gaula som ligg hovudsakleg i Gauldalen kommune.

Undersøkinga av vassdraga omfattar følgjande fire element:

- 1) Ei enkel prøvetaking av vasskvalitet
- 2) Eit elektrofiske etter ungfisk hausten 1995
- 3) Botndyrgransking med vurdering av foruringindeks

Det er i samband med denne undersøkinga kun samla inn ei vassprøve ved befaringa som er analysert med omsyn på aluminiumskjemi og syrenøytraliserande evne (ANC). Prøven er analysert ved Hordaland Fylkeslaboratorium.

Ungfisktettleik vart undersøkt ved elektrofiske i november, slik at ein fekk god oversikt over årsyngelen sin tettleik og vekst den første sommaren, samstundes som ein kan bestemme tettleiken av presmolt i vassdraga. Cand.scient. Kurt Urdal var med på feltarbeidet. Fiskane er aldersbestemt ved lesing av øyresteinar (otolittar).

Det er også gjennomført analyser av gjeller med omsyn på aluminiumsutfelling, samstundes som gjellane er histologisk undersøkt med omsyn på eventuelle tidlegare skadar. Dette arbeidet er gjennomført i samarbeid med cand.real. Hans Aase hos Aqua-lab i Bergen.

Botndyr er undersøkt og vurdert med omsyn på foruringstilhøva i vassdraga. Botndyrprøvene er sortert og dyra artsbestemt ved LFI-Universitetet i Bergen.

Det er gjeve ein generell omtale av kvart vassdrag for å få ein oversikt over kva for tilhøve som påverkar fiskebestandene i vassdraget. Det gjeld i første rekke tilførslar av forurenande stoff og vassdragsinngrep som kan påverke vasskvalitet og vassføringstilhøve. Dersom det kan gjerast sannsynleg at slike tilhøve kan ha ei mogleg negativ verknad på fisken i vassdraget, er det skissert enkle framlegg til tiltak eller behov for meir konkrete undersøkingar.

Rådgivende Biologer as. takkar dei nemnde samarbeidspartane for innsatsen og takkar Fylkesmannens miljøvernnavdeling for oppdraget.

Bergen, 7.februar 1996.



## INNHOLD

FØREORD .....	3
INNHOLD .....	4
SAMANDRAG OG KONKLUSJONAR .....	5
OMTALE AV VASSDRAGET .....	6
VASSKVALITET .....	8
BOTNDYR .....	9
UNGFISK .....	10
GJELLEUNDERSØKINGAR .....	13
LITTERATUR .....	14

## LISTE OVER FIGURAR

FIGUR 1: Kart over Bøfjordvassdraget .....	6
FIGUR 2: Kart over dei anadrome delane av Bøfjordvassdraget .....	7
FIGUR 3: Lengde av laks fanga ved elektrofiske 13.november 1995 .....	11
FIGUR 4: Lengde av aure fanga ved elektrofiske 13.november 1995 .....	11
FIGUR 5: Vekst av aure fanga ved elektrofiske 13.november 1995 .....	12

## LISTE OVER TABELLAR

TABELL 1: Vasskvalitet i nedre delar av Bøfjordvassdraget 1993-1995 .....	8
TABELL 2: Botndyr i Bøfjordelva 22.november 1995 .....	9
TABELL 3: Aldersfordeling og lengde av aldersgrupper av laks og aure fanga 13.november .....	10
TABELL 4: Strukturelle tolkingar av gjelleboger fra aure og laks frå Bøfjordelva .....	13



## SAMANDRAG OG KONKLUSJONAR

Ingen av dei undersøkte tilhøva syner at vassdraget i dag er prega av forsuring. Dette kan skuldast at det sidan vinteren 1993 har vore gjennomført eit relativt omfattande kalkingsprogram for å betre vasskvaliteten for fiskoppdrettet i Espelandsvatnet. Vasskvaliteten herifrå dominerer vassdraget når Nedre Svulingen kraftverk går.

### VASSDRAGET

Vassdraget er regulert med to kraftverk,- Øvre og Nedre Svulingen. Nordstrandsvatnet og Espelandsvatnet utgjer magasin for dei to kraftverka, og utlaupselvane frå desse to innsjøane er difor stort sett tørrlagde. Total anadrom strekning i vassdraget er om lag 2,2 km. Dette er fordelt på elvestrekninger med 300 meter i Bøfjordelva og 200 meter i kanalen mellom Stigestrandsvatnet og Staurdalsvatnet. I tillegg kjem desse to innsjøane. Elvestrekninga frå Øvrefoss og ned til Stigestrandsvatnet har fine område for gyting og oppvekst, men der renn i dag for lite vatn.

### VASSKVALITET

Vasskvaliteten i vassdraget er vanlegvis god nok til å sikre overleveling og rask vekst av naturleg rekryttede lakseungar. Dette gjeld i alle høve når vassføringa i Bøfjordelva er prega av utsleppet fra kraftverket, fordi vasskvaliteten då er påverka av den kalkinga som har føregått i samband med Espelandsvatnet dei føregående åra. Det er uvisst om dette er årsaka til at vi i dag finn lakseungar i elva. Køyningsreglementet for kraftverket burde vore evaluert for å unngå lite kalka vatn i kritiske periodar for fisken. Sjølv om elva i kortare periodar kan vere påverka av den sure sideelva frå Handalsvatnet, er det likevel ikkje observert färlege mengdar aluminium i elva. Ein har alstā ikkje grunnlag for negative blandsoneeffektar her.

### BOTNDYR

Ved prøvetakinga var det eit rikt dyreliv med relativt høg artsmangfold. Den høge forekomsten av døgnfluga *Baetis rhodani* gjev ein forsuringsindeks på 1 som syner at elva ikkje kan reknast som sur.

### FISK

Ved ungiskundersøkinga vart det fanga både laks og aure i høvet 1:4 og dette er samanfallande med resultata ved ei liknande undersøking i 1984 og ungisktettleiken ligg på det nivået ein skal forvente i slike elvar. Både laksen og auren veks raskt og tilseier ein vanleg smoltalder på 2 år for begge artane. Analyse av otolittar tilseier at lakseungane hadde vore i elva i minst eitt år, men ein kan ikkje eliminere at desse fiskane kan ha rømt frå oppdrettsanlegget i Espelandsvatnet som 0+ i 1994 eller vart utsette i Bøfjordelva som plommesekkyngel våren 1994.

### GJELLEPRØVER

Gjellene frå fiskane i Bøfjordelva var stort sett normale og friske. For både laks og aure er det innslag av det ein kan kalle for mindre irritasjonsendringar. Farging med modifisert haematoxilin gav ingen fargeutslag, det vart dermed ikkje påvist utfelling av metallar som aluminium eller jern på nokon av gjellene.



## OMTALE AV VASSDRAGET


Bøfjordvassdraget er eit låglandsvassdrag med eit nedbørdfelt på 107 km<sup>2</sup>. Nordstrandavatnet er det største av dei høgtliggende vatna (overflateareal på 230 ha) med ein høgste regulerte vasstand på 239,9 meter over havet og med ei reguleringshøgd på 30 meter. Espelandsvatnet (overflateareal på 130 ha) er den nederste av dei store innsjøane med ei reguleringshøgd på 10 meter mellom kotane 86,5 og 76,5 meter over havet (figur 1).



FIGUR 1: Oversiktskart over Bøfjordvassdraget. Bøfjordelva utgjer berre den aller nedste delen før utlaupet til Sognefjorden ved Leirvik

Vassdraget er sterkt regulert. Øvre Svultingen kraftverk tek vatn frå magasinet Nordstrandvatnet og utlaupet er difor tørrlagt mesteparten av året. Bogsvatnet ligg nedanfor Nordstrandvatnet og får tilført utlaupsvatnet frå kraftstasjonen. Også Espelandsvatnet er regulert og den opprinnelige utlaupselva er stort sett tørr. Nedre Svultingen kraftverk løp vatnet frå Espelandsvatnet ut i øvre del av Staurdalsvatnet. Det opprinnelige elveløpet mellom Staurdalsvatnet og Stigestrandsvatnet er kanalisert og utvida for å ta unna dei ekstra vassmengdene frå øvre deler av vassdraget som før reguleringa rann ut i Stigestrandsvatnet.

Den totale elvestrekninga i vassdraget som fører anadrom fisk er berre 500 meter fordelt på 300 meter i Bøfjordelva og den 200 meter lange kanalen mellom Stigestrandsvatnet og Staurdalsvatnet. I tillegg kjem desse to innsjøane med 500 meter i Staurdalsvatnet og om lag 1200 meter i Stigestrandsvatnet. Total anadrom strekning er dermed ca. 2,2 km. Elvestrekninga frå Øvrefoss og ned til Stigestrandsvatnet har fine område for gyting og oppvekst, men det renn i dag for lite vatn (figur 2).



FIGUR 2: Dei anadrome nedre delane av Bøfjordvassdraget.

Trass i at det er laksetrapp i Bøfossen blir det meste av fangsten av anadrom fisk gjort i Bøelva (Tysse 1985). Fangsten av anadrom fisk i vassdraget er ikkje oppgjeven i dei offisielle fangststatistikkane, men i følgje Tysse (1985) vart det fanga 60-70 smålaks årleg i Bøelva, men lite sjøaure. Dersom gyte tilhøva hadde vore betre for større fisk på strekningane ovanfor Bøfossen burde vassdraget ha potensiale for ein god sjøaurebestand. I Espelandsvatnet ligg det anlegg for produksjon av laksesmolt. Opprinnleig var auren den einaste fiskearten i Espelandsvatnet og innsjøane ovanfor (Tysse 1985).

Svultingen kraftverk er pålagd å sette ut 5.000 laks årleg i vassdraget, og etter det vi kjenner til kjem desse frå laksestammen i Gaula.



## VASSKVALITET

Vasskvaliteten i Bøfjordvassdraget er undersøkt frå før, og det vart teke vassprøver ved befaringa hausten 1995. Vasskvaliteten nederst i vassdraget er i dag påverka av den kalkingsverksemda som skjer i vassdraget, men tidvis vil Bøfjordelva kunne vere meir påvirka av den surare sideelva frå Handalsvatnet.

Espelandsvatnet har vore kalka sidan vinteren 1993. Surstøytet i samband med sjøsaltepisoden januar 1993 førde til omfattande fiskedød i settefiskanlegget i Espelandsvatnet, og det vart straks sett i gang kalking av innsjøen. I 1993 vart det kalka to gonger i Espelandsvatnet med spreiebåt og også med strandsonekalking frå land. Siden dette har det årleg i november vore spreidd 130 tonn kalksteinsmjøl i vatnet, samstundes med at det har blitt lagt ut 400 - 800 tonn skjellsand i dei største tillauptselvane til innsjøen. På denne måten reknar ein med å ha kalka opp det meste av den 60 millionar m<sup>3</sup> store vasstilførselen til Espelandsvatnet, som og utgjer den dominante vasstilførselen til dei nedre delane av vassdraget. Sørestrandsvatnet vart kalka i 1987 og Dalsvatnet i 1994. Kalkinga i Espelandsvatnet vart hausten 1995 gjennomført 23.november, altså etter prøvetakinga i Bøfjordelva.

Resultata av vassprøvene syner at tilhøva for fisk vanlegvis er gode i dei nedre delane av vassdraget. Sideelva frå Handalsvatnet hadde imidlertid våren 1995 ei dårligare vasskvalitet med negativ syrenøytraliserande evne (ANC). Dette bidraget gjer at ein får noko variabel syrenøytraliserande evne i vatnet i Bøfjordelva (tabell 1). Hausten 1995 var ANC= 37, noko som er særsla bra, medan det i april same året var lågare verdiar med ANC=5. Dette er verdiar som ikkje er gode, men må skuldast at kraftverket ved prøvetakinga ikkje tilførte kalka vatn frå Espelandsvatn og at vasskvaliteten i elva då var dominert av elva frå Handalsvatnet. Vasskvaliteten er likevel ikkje alarmerande dårlig, sidan ein aldri observerar färlege konsentrasjonar av aluminium.

TABELL 1: Analyseresultat frå vassprøver tekne i utlaupet av Stigestrandsvatnet nederst i Bøfjordvassdraget og ei prøve frå sideelva frå Handalsvatnet. Dei tre første prøvene er samla inn av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Miljøvernavdelinga, mens den siste er samla inn ved ungfiskundersøkinga hausten 1995. Denne prøva er analysert ved Hordaland fylkeslaboratorium.

TILHØVE	EINING	BØFJORDDELVA NEDERST				SIDEELV
		261093	91094	260495	161195	
Turbiditet	FTU	0,78	0,82	0,62	-	0,56
Farge	mg Pt/l	47	22	22	-	22
Leiingsevne	mS/m	4	4	3	-	3
Surleik	pH	6,2	5,94	5,83	6,04	5,45
Alkalitet	µekv/l	54	26	17	-	5
Kalsium	mg Ca/l	1,73	1,16	0,79	0,88	0,54
Magnesium	mg Mg/l	0,63	-	0,46	0,39	0,42
Natrium	mg Na/l	-	-	3,22	2,77	3,46
Kalium	mg K/l	-	-	0,37	0,79	0,31
Sulfat	mg S/l	-	-	1,78	1,46	1,95
Klorid	mg Cl/l	-	-	6,32	5	6,6
Nitrat	µg N/l	-	-	86	102	36
Reak. alum.	µg Al/l	76	94	69	60	86
Illab. alum.	µg Al/l	72	94	66	55	78
Labil alum.	µg Al/l	4	0	3	5	8
Syrenøytral.kap.	ANC µekv/l	-	-	5	37	-10



## BOTNDYR

Den 22.november 1995 blei det teke ei botndyrprøve i den nederste delen av Bøfjordelva. Substratet var grovt og vassføringa relativt stor, slik at innsamlinga ikkje gjev eit godt grunnlag for vurdering av tettleik av dyra. Resultata er presenterte i tabell 2, og viser at det ved prøvetakinga var eit rikt dyreliv med relativt høg diversitet.

Den høge førekomensten av den lite forsuringstolerante døngfluga *Baetis rhodani* gjev elva ein forsuringsindeks på 1,0 noko som syner at elva ikkje kan reknast som sur (Fjellheim & Raddum 1990). Dette kan skuldast kalkinga i Espelandsvatnet og dei øvre delane av vassdraget, men det syner også at denne elva sjeldan er påvirka av den sure sideelva frå Handalsvatnet.

TABELL 2: Dyregrupper i ei botndyrprøve frå Bøfjordelva like før utlaupet til Sognefjorden, 22.november 1995. Forsuringsindeksen er angjeve for kvar dyregruppe, men samla indeks for elva byggjer på forekomsten av den minst forsuringstolerante organisma. Finn ein organismar som ikkje toler surt vatn, veit ein såleis at det ikkje har vore særleg sure periodar i elva so lenge desse dyra har levd. Det at ein samstundes finn dyr som toler surt vatn, tydar ikkje at det har vore surt der. Prøva er analysert av Randi Lund, LFI-Universitetet i Bergen.

GRUPPE	ART	ANTAL I PRØVEN	FORSURINGSINDEKS
Nematoda / rundorm		7	
Oligochaeta / fåbørstemakk		23	
Bivalvia / muslinger	<i>Pisidium</i> sp	12	0,25
Acari / midd		3	
Diptera / tovengjer, diverse		7	
Ephemeroptera / døgnfluger	<i>Baetis rhodani</i>	58	1,00
Plecoptera / steinfluger	<i>Protonemus meyeri</i>	3	0
	<i>Taeniopteryx nebulosa</i>	3	0
	<i>Leuctra fusca</i>	2	0
	<i>Leuctra hippopus</i>	2	0
	<i>Isoperla</i> sp.	9	0,5
	<i>Brachyptera risi</i>	2	0
	<i>Amphinemura sulcicollis</i>	6	0
	<i>Amphinemura borealis</i>	4	0
Trichoptera / vårflyger	<i>Rhyacophilus nubila</i>	5	0
	<i>Apatania</i> sp.	2	0,5
	<i>Polycentrophus flavomaculatus</i>	5	0
	<i>Polycentrophus conspersa</i>	2	0
	<i>Neuroclipsis bimaculata</i>	1	0
	<i>Hydropsyche</i> sp.	3	0,5
	<i>Oxyethira</i> sp.	2	0
	<i>Agrypnia</i> sp.	2	0
	<i>Potamophylax</i> sp.	1	0
	<i>Halesus radiatus</i>	10	0
Chironomidae / fjørmygg		73	
Ceratopogonidae /		1	
Simuliidae / knott		22	
Coleoptera / biller	<i>Elmis anea</i>	11	
Total indeks			1,00



## UNGFISK

Fiskeundersøkinga omfatta fiske med elektrisk fiskeapparat den 13. november 1995 på ein stasjon i Bøfjordelva, om lag 150 meter ovanfor munninga. Temperaturen i ellevatnet var 5 °C og det var kuldegrader i lufta. I oktober og fram til 10. november var det jamnt høg vassføring i elva. Elvestrekninga frå Stigestrandsvatnet og ned til sjøen er om lag 300 meter lang. Elvebotnen er dominert av til dels grov, mosedeikt stein. Når kraftstasjonen er i drift og det samtidig kjem inn vatn frå andre deler av nedbørsfeltet går elva relativt stri på denne strekninga i høve til gjennomføring av el. fiske. Det var difor vanskeleg å finne lokalitetar der slikt fiske kunne gjennomførast.

Elvestrekninga frå Staudalsvatnet og ned til Stigestrandsvatnet er 200 meter lang. Denne strekninga har karakter av ein kanal. Botnen er mosedeikt og vi fann ingen stader der det var mogeleg å gjennomføre el. fiske på denne strekninga ved den aktuelle vassføringa. Lakseungar held seg normalt på elvestrekninga og i liten grad på stille vatn. Dei to nemnde strekningane på til saman 500 meter utgjer dermed oppvekstområdet for lakseungar i vassdraget. Aureungar, inkludert dei som seinare går ut i sjøen, brukar også stille vatn, t.d. innsjøar som oppvekstområde. Det meste av laksen som blir fanga i vassdraget blir fanga nedanfor Bøfossen. Laksetrappa i fossen kan i periodar med lite vatn vere vandringshinder (Tysse 1985).

Ungfiskundersøkinga vart utført etter standard metode der stasjonen med eit areal på 100 m<sup>2</sup> vart overfiska 3 gonger med ein halv times mellomrom (Bohlin m.fl 1989). Fisken frå kvar omgang vart bedøva, artsbestemt og lengdemålt i felt. All fisk vart teken med og seinare lengdemålt, kjønn og kjønnsmogning vart bestemt og otolittar og skjell vart teke og seinare analyserte for å bestemme alder og vekst.

Totalt vart det fanga 7 laks og 28 aure på den eine stasjonen. Etter ottolittane å døme hadde alle fiskane halde seg i elva og var anten naturleg rekrutterte eller utsette som plommeseukkyngel. Av laks vart det berre fanga 2-åringar (1+). Desse var mest sannsynleg gytte som egg hausten 1993 og kom opp av elvegrusen i mai - juni 1994. Av aure var 6 årsklassar representerte (1 - 6 år) (tabell 3).


TABELL 3: Aldersfordeling, gjennomsnittleg lengde (cm) og lengdevariasjon for dei einskilde aldersgruppene av laks og aure som var fanga under el.fiske på ein stasjon i Bøfjordelva den 13. november 1995.

	ALDER I VEKSTSESONGAR (ÅR)						Totalt
	1 (0+)	2 (1+)	3(2+)	4 (3+)	5 (4+)	6 (5+)	
<b>LAKS</b>							
Antal	0	7	0	0	0		7
Lengd ± s.d.	-	11,8 ±1,4	-	-	-		
Min.- maks.	-	10,4-14,5	-	-	-		
<b>AURE</b>							
Antal	5	5	10	5	1	2	28
Lengd ± s.d.	7,6 ±0,7	12,4 ±1,3	17,3 ±1,5	16,8 ±1,8	16,5	19,1 ±1,4	
Min.- maks.	6,3 - 8,1	10,8-14,7	14,7-19,3	15,2-20,0	16,5	17,7-20,4	




Auren viste eit langt større spekter i alder og lengde enn laksen som berre var representert med ein årsklasse og lengder mellom 10,4 og 14,5 (tabell 3, figur 3 og 4). Totalt sett vart det fanga flest fisk i lengdegruppa 15 - 20 cm og dette var berre aure. Vanlegvis finn ein ved el. fiske i elvar flest fisk i lengdegruppa <10 cm, men det grove botnsubstratet på den eine stasjonen og den strie straumen tilseier at ein vil finne eit høgt innslag av større fisk. Det var dessutan gyting i området og av aure var det også mindre elvefisk som var kjønnsmogne. Ingen av lakseungane var kjønnsmogne.

*FIGUR 3: Lengdefordeling av lakseungar fanga under el. fiske i Bøffjordelva den 13. november 1993 (n = 7).*




*FIGUR 4: Lengdefordeling av aure fanga under el. fiske i Bøffjordelva den 13. november 1993 (n = 28).*



Både aure og lakseungane veks raskt. Etter to vekstssesongar har lakseungane ei gjennomsnittleg lengd på 11,8 cm og aureungane tilsvarende 12,4 cm (tabell 3, figur 5). Vekstkura for auren flatar ut når fisken når ei lengd på 17-18 cm og alder på 3-4 år. Dette kjem av at det er representert aureungar som vil gå ut i sjøen og bli sjøaure og i tillegg resident aure. Den siste gruppa hadde vakse seinare enn dei yngste og kan vere fisk som har kome ned frå vatnet ovanfor. Fire av aureungane hadde laks- eller aureegg i magesekken - noko som viser at det føregjekk gyting i området der det vart el. fiska. Det vart ikkje undersøkt om eggene var gytte av laks eller aure, eventuelt begge.



**FIGUR 5:** Gjennomsnittslengd ( $\pm$  sd.) for dei ulike aldersgruppene av aure som vart fanga under el. fiske i Bøfjordelva den 13. november 1995.



Lakseungane var såpass store at det er sannsynleg at alle vil gå ut i sjøen som smolt våren 1996, altså som 2-års smolt. Det er sjeldan ein finn vill laksesmolt som er yngre enn 2 år i norske elvar, men i varme vassdrag med relativt låg sommarvassføring er 2-års smolt vanleg. Fråver av eldre lakseungar i Bøfjordelva kan forklara ved at alle går ut som smolt etter 2 år. Otolittane av lakeungane viste at dei med stor sannsynlegheit hadde vore i elva i minst eitt år, men vi kan ikkje seie sikkert om dei er rekrutterte naturleg, stammar frå utsettingar av plommerekkyngel i 1994 eller hadde rømt frå oppdrettsanlegget i Espelendsvatnet som 0+ i 1994. Det siste er det minst sannsynlege og både vekst og utsjånd på otolittane indikerer at desse fiskane kom opp av elvegrusen som naturlege rekrutter våren 1994.

Det vart ikkje fanga årsyngel (0+) laks under undersøkingane i 1995, men ein kan ikkje slå fast at desse ikkje førekom i elva. Det at lakseungane hadde halde seg i elva i minst eit år og at veksten var rask både for aure og laks gjer det likevel lite sannsynleg at sure episodar kan forklare dårleg rekruttering i 1995. Det må nemnast at årsyngelen av laks kan halde seg på område der det ikkje vart fiska.

Produksjonen av fiskeungar er høg i denne typar elvar der smoltalderen er låg (2 år) og under el. fiske om hausten finn ein vanlegvis ein presmolttettleik mellom 10 og 15 lakseungar pr. 100 m<sup>2</sup> (Sægrov 1994). I Bøfjordelva var tettleiken berre 7 presmolt av laks pr. 100 m<sup>2</sup>, men her var tettleiken av store aureungar (1+ og eldre) uvanleg høg (22 pr. 100 m<sup>2</sup>), totalt sett er det difor ein høg biomasse av ungfisk i elva.

Under el. fiske i Bøfjordelva i september 1984 var høvet mellom laks og aure 1:4 (Tysse 1985) og nøyaktig det same høvet mellom artane vart registrert i 1995. Dersom vasskvaliteten hadde forverra seg på dei siste 10 åra burde ein forvente at dette gav størst negativt utslag for laksen. Som i 1984 hadde fisken god kondisjon. Den gode veksten i 1995 indikerer også at fisken ikkje opplever fysiologisk stress.

Resultata frå ungfiskundersøkinga er samanfallande med det som vart registrert ved ei liknande undersøking i 1984 (Tysse 1985) og vi konkluderer med at ungfisktettleiken ligg på det nivået ein skal forvente i denne elva. Kvaliteten på vatnet kan vere påverka av den kalkinga som har føregått dei føregåande åra, men det er uvisst om kalkinga var ein føresethad for å sikre naturleg rekruttering av laks i elva.

Dersom gyttetilhøva var betre for større fisk på elvestrekningane ovanfor Bøfossen er det sannsynleg at vassdraget hadde hatt ein meir talrik sjøaurebestand enn det har i dag.



## GJELLEUNDERSØKINGAR

Det vart samla inn gjelleprøver frå dei fem laksane og fem av aurane i Bøfjordelva. Ein gjelleboge frå kvar fisk vart disseket ut og fiksert på buffra formalin. Dei vart siden støypte i parafin og snitta. Eit snitt vart farga med Haematoxylin-Eosin-Safran (HES) og eit anna med ei modifisert Haematoxilin-løysing. Dei HES-farga gjellesnitta vart analyserte med tanke på vanlege strukturelle tilhøve, medan dei andre vart vurderte med omsyn til utfelling av metallar som aluminium.

Ein normal gjellefunksjon er avgjerande for fisken si helse og utvikling. Gjellene er også eit følsomt organ som raskt vil reagere på uheldige tilhøve i omgivnadene. Dei endringane som ein oftast finn ved vanlege histologiske undersøkingar kan klassifiserast i to typer: Akutte degenerative endringar og kroniske hyperplastiske endringar.

Akutte endringar finn ein etter episodar med påverknad frå giftstoff, t.d. aluminium. Typiske endringar her er ødem under det respiratoriske vevet, slik at dette blir sprengt av fra pillarcellene under. I ekstreme tilfelle vil epitelet lausne heilt og fisken vil døy nokså raskt. Det er vanlegvis ingen hypertrofe eller hyperplastiske endringar ved denne type skader.

Moderate og tidlege endringar er hypertrofiske, - epithelcellene svulmar opp. Slike skader kan utvikle seg vidare til hyperplastiske endringar, - det skjer ein auke i antall celler som dekker gjellene. Hyperplasi kan omfatte fleire typer celler, og kan utvikle seg på kort tid, 12-24 timer. Ved kroniske irritasjonar er det vanleg at talet på slimcellar aukar og at dei også kan påvisast nærmere spissen på sekundærlamellane. Kroniske hyperplastiske endringar er vanleg å finn på fisk i oppdrett, grunna høgt innhald av partiklar i vatnet (førstov) og generelt dårlig vasskvalitet.

TABELL 4: Strukturelle tolkingar av gjeller frå fem laks og fem aure fanga i Bøfjordelva i november 1995. Dei histologiske undersøkingane er utførde av cand.real. Hans Aase ved Aqua-Lab i Bergen.

ART	NR	LENGD	GJELLESTATUS
Laks	1	115	Normal
Laks	2	145	Normal
Laks	3	115	Svært fin
Laks	4	109	Generelt svakt hypertrof / auka antal slimceller / stadvis svake hyperplastiske endringar
Laks	5	104	Stadvis svake hyperplastiske endringar / elles normal
Aure	1	147	Svært fin
Aure	2	153	Stedvis svake hyperplastiske endringar / ellers normal
Aure	3	127	Svært fin
Aure	4	152	Svært fin
Aure	5	161	Stadvis svakt hypertrof / mindre hyperplastiske endringar

Gjellene frå fiskane i Bøfjordelva var stort sett normale og friske. For både laks og aure er det innslag av det ein kan kalle for mindre irritasjonsendringar. Farging med modifisert haematoxilin gav ingen fargeutslag, det vart dermed ikkje påvist utfelling av metallar som aluminium eller jern på nokon av gjellene. Det var svært høg vassføring i Bøfjordelva i oktober og eit høgt siltinnhald i vatnet kan ha medført irritasjon på gjellene til fire av fiskane. Gjellene frå dei resterande 6 var normale eller svært fine.



## LITTERATUR

BOHLIN, T. S.HAMRIN, T.G HEGGBERGET, G. RASMUSSEN & S.J. SALTVEIT. 1989.  
Electrofishing-Theory and practice with special emphasis on salmonids.  
Hydrobiologia 173, 9-43.

FJELLHEIM, A. & G.G. RADDUM 1990.  
Acid precipitation: Biological monitoring of streams and lakes.  
The Science of the Total Environment, 96, pp 57-66.

SÆGROV, H. 1994.  
Tettleik av laks- og aureungar i Oselva i 1991, 1993 og 1994.  
Zoologisk Institutt, Økologisk Avdeling, Universitetet i Bergen. Notat, 19 s.

TYSSE, Å. 1985.  
Samla Plan 1984. Fagrapport fisk: 331 Bøfjordelva - 01 Bøfossen - 11 Midtre Svultingen.  
ISBN 82-7243-140-8, T-641. Miljøverndepartementet, Oslo, desember 1985. Rapport, 11 sider.